



Sakshandsamar:

Jan Heggheim
E-post: jan.heggheim@sfj.no
Tlf.: 90566623

Vår ref.

Sak nr.: 17/7679-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

9309/18

Dykkar ref.

Dato

LEIKANGER, 28.02.2018

Notat**Frå:** Fylkesrådmannen
Til: Fylkesutvalet, møte 7. mars 2018**Vedtekter Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO); praktisk oppfølging**

Vedtektene til Marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond vart handsama i FT-sak 33/2017. Der vart det gjort følgjande vedtak:

1. Fylkestinget er positive til at fylkeskommunen har fått ein undervisningskonsesjon knytt til akvakulturopplæringa ved Måløy vidaregåande skule, og at det er inngått avtale med Marine Harvest Norway om å leige denne konsesjonen.
2. Det vert oppretta eit marint rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) der alle leigeinntekter frå undervisningskonsesjonen skal i settast inn.
3. Fylkestinget godkjenner vedtektene til fondet slik dei kjem fram i vedlegg 1, med slike endringar:

Tillegg i pkt. 3: Tillegg etter parentes i avsnitt 2 ..., «herunder og å kunne gje støtte til finansiering av nytt opplæringsfartøy».

Endra pkt. 6: Fylkesutvalet, samt leiar for hovudutval for opplæring og leiar for hovudutval for næring og kultur, utgjer fondsstyre og tildeler midlar. Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen.

Fylkesrådmannen varslar no at han tek sikte på å følgje slike rutinar i den vidare oppfølginga:

- Som følgje av utlysing er det venta både interne og eksterne søknader. Føremålet til fondet gjer det særleg aktuelt med søknader frå medlemmer i «programgruppa for rekruttering og kompetanse i sjømatnæringane». Her er både næringslivet, fiskarlaget, opplæringskontoret, fylkeskommunen ved Måløy vidaregåande skule, opplæringsavdelinga og nærings- og kulturavdelinga med.
- «Næringsforum» får, før fylkesrådmannen startar si saksførebuing opp mot fondsstyret, høve til å uttale seg i forhold til innkomne søknader. I Næringsforum er FM si landbruksavdeling, Høgskulen på Vestlandet, Fiskeridirektoratet, NHO, LO, KS, NAV, Innovasjon Norge og fylkeskommunen med. Næringsforum er leia av fylkesdirektør for næring og kultur.
- Fylkesrådmannen vil, for å imøtekomme FT sitt vedtak om opplæringsfartøyet, tilrå å nytte minimum 30 % av dei årlege fondsinntektene til dette føremålet. Ev. midlar vi måtte få tildelt frå eit nytt nasjonalt havbruksfond vil også kunne kanaliseras inn mot nemnde fartøy. Storleiken på dei separate beløpa (frå oppdrettskonsesjonen og frå havbruksfondet) – som vil kunne variere frå år til år – bør likevel kunne ha noko å seie for tildelinga til fartøyet og til andre tiltak.

Elles vil fylkesrådmannen - i eigen administrasjon - nytte det vanlege prinsippet om fullført saksførebuing. I dette arbeidet må vi og ivareta vanlege reglar for habilitet/inhabilitet.

Fylkesrådmannen må få kome attende til når første sak kan fremjast for fondsstyret.

Fylkesrådmannen ber om ev. merknader.